



**BETALINGSSATSAR FOR OMSORGSTENESTER,
OMSORGSBUSTADAR OG ANDRE TENESTER I
STRANDA KOMMUNE
2026**

INNLEIING OG LOVHEIMEL

Kommunestyret vedtek betalingssatsar for varer og tenester innan kommunale omsorgstenester – både i og utanfor institusjon. Prisane blir regulert éin gong i året.

Betaling for opphald i sjukeheim og liknande vert fastsett etter:

- **Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester (hol.)**
- **Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester**

Betaling blir fastsett ut frå bebruarane si inntekt, jf. **helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2.**

Kommunen kan ta betaling for praktisk bistand, som omfattar:

- Reingjering i heimen
- Snømoking
- Tryggleiksalarm
- Matombering etter vedtak

Heimesjukepleie er gratis.

LOVGRUNNLAG

Helse- og omsorgstjenesteloven:

- § 3-1 – Kommunens overordna ansvar
- § 3-2 nr. 6 – Tenester i og utanfor heimen
- § 3-5 – Øyeblikkelig hjelp

Pasient- og brukerrettighetsloven:

- § 2-1 a – Rett til nødvendig hjelp

Forvaltningslova:

Brukast dersom tryggleiksalarm eller matombering blir gitt utanom vedtak etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2.

BRUKARBETALING

§ 11-2 i helse- og omsorgstjenesteloven gir kommunen rett til å krevje vederlag for helse- og omsorgstenester.

Andre relevante forskrifter:

- **Forskrift om sosiale tenester kap. 8**
- **Forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstenester:**
 - **Kap. 1:** Tenester i institusjon (§§ 1–7)
 - **Kap. 2:** Tenester utanfor institusjon (§§ 8–10)

§ 8 – Praktisk bistand og opplæring

Kommunen kan fastsette eigenandelar for:

- Praktisk bistand i heimen
- Opplæring
- Brukarstyrt personleg assistanse (ikkje stell/eigenomsorg)

Eigenandel kan berre krevjast av den som får tenesta.

Ved hjelp til barn, reknast det som hjelp til føresette.

§ 10 – Inntektsgradert utgiftstak

Eigenandel skal bereknast ut frå husstanden si **samla skattbare nettoinntekt før særfrådrag**. I inntekta skal ein:

- **Legge til hjelpestønad frå folketrygda**
- **Trekke frå omsorgslønn**

PRAKTISK BISTAND I HEIMEN

Kommunen skal tilby praktisk bistand (jf. pasrl. § 2-1 a).
Betaling skjer etter inntekt og hjelpestønad.

Inntektsgrenser og tak:

- **Under 2G:** Kan ikkje betale meir enn statleg minstesats
- **Over 2G:** Kommunen bestemmer sjølv satsar
- Betalinga kan ikkje overstige sjølvkost eller hindre personen i å dekke egne behov

Kommunen skal oppdatere vedtak årleg etter ny G og siste likning (forskrift § 10, 5. ledd).

VELFERDSTEKNOLOGI OG MATOMBRINGING

Dette er ikkje lovpålagde tenester, men blir ofte gitt som praktisk bistand.

Dersom dei blir gitt utan vedtak etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 og pasrl. § 2-1 a, blir dei tildelt etter **forvaltningslova**. Kommunen fastset då eigendelen, med sjølvkost som øvre grense.

DAGSENER OG TRANSPORT

Dagsenter er førebyggjande og skal ha rimelege prisar.

Teneste	Pris 2026
Dagsenter inkludert måltid (frukost, middag, kaffi)	kr 166,-
Transport pr. veg	Kr 33,-

AKTIVITETSTILBOD (hab./rehab.) – LANGLOBØEN

Lågterskeltilbod utan krav om vedtak.
Brukarane får tilbod om fellesmåltid og transport.

Tilbod	Pris 2026
Middag + transport	kr 107,-
Middag	kr 72,-

KORTTIDS- OG LANGTIDSOPPHALD I INSTITUSJON

Eigenandelar og fribeløp vert fastsett statleg kvart år.

	Sats 2026 – vert sett av staten medio desember 2025
Korttidsopphald (under 60 døgn)	Statleg fastsetjing
Fribeløp for opphald i institusjon	Statleg fastsetjing

Betaling for praktisk bistand/hjelp i heimen:

Basert på **1G = kr 130 160,-**

Grunnbeløp gjeldande frå 01.05.25

G	Nettoinntekt Utifrå siste kjente likning	Abonnement per mnd Minstesatsen for 2026 blir fastsett av staten i desember 2025
Inntil 2G	0 – 260 320	Statleg fastsetjing
2G – 3G	260 321- 390 480	kr 1 236
3G – 4G	390 481 – 520 640	kr 2 064
4G – 5G	520 641 – 650 800	kr 3 083
Over 5 G	Over 620 140	kr 4 078

Betaling for praktisk bistand/hjelp i heimen – 2026

****Timepris for praktisk bistand utifrå kommunen sin sjølvkost er kr 463,-.**

Timepris vert brukt dersom den er lågare enn betaling etter månadssats/abonnement per månad.

Husleigetakstar for omsorgsbustadar – 2026

Det er omsorgsbustadar i alle dei fire bygdelaga i kommunen. Bustadane har ulik standard og storleik, og husleigetakstane er difor differensierte.

Viser til husleigekontrakt vedkomande oppseing av husvære.

Målet er at bebuarar med låg inntekt skal ha igjen nok midlar til å betale for praktisk bistand, andre tenester og eige underhald etter bu-utgiftene er dekket.

For 2026 er det lagt inn **prisauke på 3,5 %**.

BUSTAD	TYPE	LEIGE 2025	VARME K 2025	SUM 2025	LEIGE 2026	VARME K 2026	SUM 2026
Solbakken	enkel	5 109,-	472,-	5 581,-	5 288,-	489,-	5 777,-
Solbakken	dobbel	6 737,-	684,-	7 421,-	6 973,-	708,-	7 681,-
Liabygda	enkel	5 928,-	472,-	6 400,-	6 135,-	489,-	6 624,-
Liabygda	dobbel	7 819,-	705,-	8 524,-	8 093,-	730,-	8 823,-
Dalane/ Egga		9 023,-	805,-	9 828,-	9 339,-	833,-	10 172,-
Geiranger	enkel	5 928,-	472,-	6 400,-	6 135,-	489,-	6 624,-
Geiranger	dobbel	7 819,-	705,-	8 524,-	8 093,-	730,-	8 823,-
Sunnylven	m/sove alkove	7 075,-	472,-	7 547,-	7 323,-	489,-	7 812,-
Sunnylven	m/sove rom	9 023,-	783,-	9 806,-	9 339,-	810,-	10 149,-
Sunnylven	dobbel			Ny	10 454,-	907	11 361,-
Sunnylven	fritt- stående	10.565,-	Eigen målar	10 565,-	10 935,-	Eigen målar	11 383,-
Nymarka		9 023,-	805,-	9 828,-	9 339,-	833,-	10 172,-

Straum:

- Sunnylven omsorgssenter: kr **287,-/mnd**
- Dalane/Egga omsorgsbustadar: kr **347,-/mnd**

NB: Endringer i straumprisar kan kome. Det blir varsla minst 1 månad i forkant.

Andre tenester:

Prisauken er på 3,5%

TENESTE	2025	2026
Diverse tenester/ kostnader hushaldning	945,- pr. måned.	Kr 978,- pr. måned
Leige av velferdsteknologi	367,- pr. måned.	Kr 380,- pr. måned (maks kr 500,- for 2+ enheter)
Installasjon av velferdsteknologi (eingongskostnad)	Ny 2025	Kr 870,-
Installasjonspakke velferdsteknologi 2+ enheter (makspris)		kr 1500,-
Dagsenter inkludert måltid	160,- pr. dag	Kr 166,- pr. dag
Eigenandel skyss dagsenter	32,- pr. veg	Kr 33,- pr. veg
Middag	115,- pr. dag	Kr 119,- pr. dag
Middag med bringing	Ny 2026	Kr 153 pr.dag
Frukost	34,-pr måltid	Kr 35,- pr. måltid
Kveldsmat	34,- pr.måltid	Kr 35,- pr. måltid
Kaffe m/ kake	32,- pr.måltid	Kr 33,- pr. måltid
Fullkost (inkludert alle måltid) Brukar kjøper frukt og anna mat utanom måltida.	188,- pr. dag	Kr 195,- pr. dag

Merk: Den som får middag må melde frå seinast 7 dagar før fråvær, då kjøkkenet planlegg produksjonen i forkant.